



Voss vidaregåande skule

Hordaland fylkeskommune sit hovudmål er auka læringsutbytte og fullføring.

VVS sitt tiltak for å arbeida mot denne målsetjinga er fylgjande *pedagogisk plattform* og *tiltaksplan for skuleåret 2016-17*.

A. Pedagogisk plattform

1. VVS sin visjon

Attraktiv og framtidsretta!

Overfor elevar, føresette, samarbeidspartnarar og lokalsamfunnet, ynskjer VVS å vera kjenneteikna av og å stå fram som ein *attraktiv og framtidsretta organisasjon*

- Med utgangspunkt i visjonen vår, legg me sterkt fokus på at både læringsmiljøet og det sosiale miljøet ved skulen, er særst godt tilpassa alle våre elevar. Og me arbeider med at all undervisning i alle fag, både teori og praksis, har høg fagleg kvalitet og er så framtidsretta at våre elevar skal klara å møta dagleglivet og arbeidslivet sine behov for framtidig kompetanse
- Voss vgs tek mål av seg å vera eit 'akademi for kloke hender' og me ynskjer å vera leiande i å utdanna morgondagens fremste fagarbeidarar, og ikkje minst, sikra at elevane våre fullfører og består med brei kompetanse for arbeidsliv og vidare studiar

2. VVS sitt læringssyn

- Voss vgs sin pedagogikk byggjer på at læring er ein aktiv prosess som krev arbeid og innsats hjå den enkelte elev gjennom heile skuleåret.
- Voss vgs skal gjennom å gje elevane miljø-kompetanse, aktiv bruk av moderne teknologi, samspel med lokalt næringsliv og internasjonalt samarbeid, skal me førebu elevane best mogleg for framtida
- Voss vgs skal førebu elevane til eit meingsfullt arbeidsliv, til høgare utdanning og til å verta engasjerte samfunnsborgarar

3. VVS sitt elevsyn – forventningar til elevane

- Alle elevar må føla trivsel, trygghet, meistring og omsorg for å læra
- Alle elevar har ressursar til å vidareutvikla sine sterke sider
- Alle elevar kan øva seg opp til å møta utfordringar, vera aktive, tenkja kritisk, vera kreative og sjølvstendige
- Alle elevar utviklar sin faglege og sosiale kompetanse best når det vert stilt tydelege forventningar og høge individuelle krav til dei
- All elevar er i stand til å delta aktivt i planlegging, gjennomføring og evaluering av undervisninga



4. Relasjon lærar – elev ved VVS

Kjenneteikn på gode relasjonar mellom lærar og elev ved VVS:

- At lærar og elev viser respekt og tillit til kvarandre
- At lærar og elev føler seg trygge og ingen opplever å verta mobba
- At lærar og elev har god dialog
- At lærar og elev har klare forventningar til kvarandre

5. 'Den gode undervisninga' ved VVS

Kjenneteikn på 'Den gode undervisninga' ved VVS:

- Alle kjem presis og har fokus på faget
- Lærar og elev møter godt førebudd og med pålagt utstyr / klede / sko
- Det vert stilt tydelege faglege forventningar og krav
- Undervisninga har ein klar struktur
- Det vert gjeve tilpassa opplæring
- Det vert lagt vekt på ein inkluderande og konstruktiv dialog
- Det veit brukt varierte arbeidsmetodar
- Læraren si undervegsvurdering/ tilbakemelding er konkret og gjev motivasjon for vidare fagleg utvikling

B. Tiltaksplan

For skuleåret 2017-18 har kollegiet gjort vedtak om at VVS særskild skal arbeida med fylgjande utviklingsmål:

- FYR (Fellesfag – Yrkesfag – Relevans)
- Bruk av digitale læringsverktøy
- Klasseleiing
- Internasjonalisering

Svein Inge Styve
rektor

01.09.12017